

Vinje kommune
Åsne Skjøtskift Øygarden

Dykkar ref.
2025/1447-1

Vår ref.
14/414-91/KES

Dato
27.05.2025

Vinje kommune – namn på tre vegar i Rauland – tilråding

Me syner til eit brev som Åsne Skjøtskift Øygarden i Vinje kommune skreiv til stadnamntenesta i Språkrådet 9. mai i år.

Saka gjeld namnsetjing av tre vegar på gnr. 137 i Vinje kommune.

Språkrådet har ingen merknader til forslaget om å late den sørlegaste av dei aktuelle vegparsellane (parsellen som er merkt med raudfarge på det tilsende plankartet) få namnet *Djupedalsvegen*. Me syner til det som står i brevet frå kommunen om at «[g]runneigar opplyser at dette namnet har vore bruka som eit uoffisielt namn på denne vegen i lang tid». **Djupedalsvegen** tykkjest vere ein fullt ut tilrådeleg skrivemåte. (I Telemark finst det frå før ingen veg med namnet *Djupedalsvegen* (*-veien*).)

Namnsetjing av ein nordvestleg vegparsell i planområdet – gjennomføring av namnesak for to nedarva namn brukte i primærfunksjonen

Namnet på ei myr i området er SSR-registrert med skrivemåten *Ævongsmyri*. Det er ikkje gjennomført namnesak for dette namnet. I brevet frå kommunen er det peika på dette at myrnamnet tidlegare er lagt til grunn for namnet på ein veg som ligg attmed denne myra. Det blir føreslege å la den vegparsellen det er tale om no, få namnet *Ævongsli*, og det blir her synt til det at dette namnet er nytta som eit eigedomsnamn på staden. Det nemnde eksisterande vegnamnet vart (i mai 2014) gjeve skrivemåten *Ævongsmyri* (med *u* i andre stavinga). I Heradsregisteret er namnet ført opp med uttaleforma «æ`vongsmyre». Der er det nytta både *Ævongsmyre* og *Ævangsmyri* som oppslagsformer. (Sjå dei to medsende biletfilene.) I heile Heradsregisteret finst det ingen namn med skrivemåtane *Ævung-*, *Ævang-*, *Evung-* og *Evong-* som oppslagsform, og berre det eine i Rauland er presentert med ei oppslagsform på *Ævong-*. Frå Hemsedal er det ført opp eitt namn med forma *Evang*, og frå Østre Toten er det registrert to namn med formene *Evang*, *nedre* og *Evang*, *øvre*. Skrivemåten med *o* i andre stavinga (*Ævong-* / *Evong-*) og skrivemåten med *u* i andre stavinga (*Ævung-* / *Evung-*) finst ikkje i andre SSR-registrerte namneformer enn det nemnde myrnamnet og det avleidde adressenamnet i Rauland. I SSR er skrivemåten *Evang(-)* registrert i desse fire

primærnamnformene: Bruksnamnforma *Evang* i Hemsedal kommune, gardsnamnforma *Nedre Evang* i Østre Toten kommune, naturnamnforma *Evangelen* i Vang og bygdenamnforma *Evanger* på Voss. Det er ikkje SSR-registrert noka namneform med skrivemåten *Ævang*.

Det er språkhistorisk forsvar for skrivemåten med æ. Det aktuelle hankjønnsordet hadde formene *áivangr* og *ævangr* i gamalnorsk. Ordet er nytta med tydinga 'kvileplass, stad der ein lét hestane beite'. (Jamfør med det som står om namnet *Evanger* i *Norsk stadnamnleksikon*. (Sjå på side 138 i 1997-utgåva av leksikonet.))

I den gjeldande matrikkelen er namnet på det aktuelle bruket, bruk 3 på garden gnr. 137, skrive *Evangslid*. Ein ser at det her er nytta den gamle skrivemåten med a i andre stavinga. Me reknar med at bruksnamnet byggjer på eit naturnamn knytt til ein liteig i området.

Me kjem no til å skrive eit brev til Kartverket og be dei starte opp primærnamnsak for både det tidlegare SSR-registrerte myrnamnet og det aktuelle linamnet. Den vegnamnsaka det er tale om her, kan då ikkje avgjerast endeleg før primærnamnsakene er sluttførde.

Namnet på den tredje nye vegparsellen – gjennomføring av namnesak for eitt nedarva namn brukt i primærfunksjonen

Det er føreslege å late denne parsellen få namnet *Vesthaddin*. Det står i brevet frå kommunen at det aktuelle hytteområdet «heiter *Vesthaddin*», og dette oppfattar me då slik at «*Vesthaddin*» er eit nedarva namn på området. Namnet er ikkje registrert i SSR. Kommunen har tidlegare teke *Bjørkelihaddi* (fastsett i 2014) og *Haddlandsvegen* (fastsett i 2011) i bruk som adressenamnformer i Rauland. Skrivemåten *hadd* er ikkje vedteken i nokon andre stadnamnsaker i Vinje. *Råsehallvegen* vart fastsett som namn på ein veg attmed Vågsli i 2014, og i 2020 vart *Beruhalli*, *Grysehalli* og *Kyrbekkhaline* vedtekne som offisielle skrivemåtar av namn brukte i den primære funksjonen, det vil seie som namn på skrånande landskapsparti. Me kjem no til å skrive eit brev til Kartverket og be dei starte opp namnesak for namnet «*Vesthaddin*» brukt i primærfunksjonen. Den vegnamnsaka det er tale om her, kan då ikkje avgjerast endeleg før primærnamnsaka er sluttført.

Med helsing frå

Rune Røsstad
stadnamnkonsulent

Daniel Gusfre Ims
avdelingsdirektør

Kjell Erik Steinbru
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og blir sendt utan underskrifter.

Mottakar:

Vinje kommune

Kopi til:

Kartverket	Postboks 600 Sentrum	3507	HØNEFOSS
------------	-------------------------	------	----------

Vedlegg:

Vinje kommune – namn på tre 136886
vegar i Rauland – brevet frå
kommunen

Vinje kommune – eit myrnamn 136887
frå Rauland ført opp i

Heradsreg – Ævangsmyri nytta
som oppslagsform

Vinje kommune – eit myrnamn 136888
frå Rauland ført opp i

Heradsreg – Ævongmyre nytta
som oppslagsform